

# Tilstandsrapport Nordhordlandshallen

## – fotballhall med delanlegg friidrett

Utført av: Atle Vaage, fagleiar Idrett og Grønt

Anleggsnummer: 60903

Byggjeår: 2002

Eigar: Lindås kommune

### Omtale av hallen:

Nordhordlandshallen består av fleir brukshall speleflate 40X20 og fotballhall. Fotballhallen har kunstgrasbane med speleflate 64X40m, samt eit om lag 2 meter breitt løpedekke rundt. Det er 4 sprintbaner 60m langa eine langsida, og lengdegrop langs eine kortside.

Lysanlegg består av 64 punkt konvensjonelle halogenlamper.

Hallen er eigd og driven av Lindås kommune. På dagtid er hallen hovudarena for kroppsøving for Knarvik vidaregåande skule med om lag 1000 elevar, og Knarvik ungdomsskule med om lag 400 elevar. I tillegg har hallen i periodar kroppsøving for om lag 100 elevar Nordhordland Kristne grunnskule, og idretts SFO i regi av den lokale fotballklubben.

På kveld og helg har hallen dei siste åra vore fullbooka med trening for lokale lag, bedriftslag og nokre lag frå Bergen kommune. Hallen husar i tillegg ulike cupar for aldersbestemt og vaksne, og nokre få større arrangement som Knarvikmila, utdanningsmesse og amcar treff.

### Teknisk tilstand:

Kunstgraset i hallen er av typen krøllgras, frå byggjeåret 2002. Fiber har etter omfattande bruk «lagt seg». Skøytena i graset har fleire stader byrja gå opp. Enkeltpunkt er og delvis ødelagt vore utsett for hærverk. Bruk av harv og kost gir berre delvis effekt pga stor slitasje på sjølve grasfibera.

Løpedekket er meir eller mindre totalt ødelagt pga kjøring med truck og pallejekk i samband med arrangement. Lengdegrop og satsplanker er frå bygginga plassert umiddelbart framfor garasjeport for inntransport av varer og lagerplass for messegolv. Både satsplanker og dekkeplater for grop er ødelagt av truckkjøring.

Sikkerhetsnetta rundt speleflata fotballhall er så slitt at flettverket ikkje lenger har nødvendig styrke. Netta har svært mange hol, og er i tillegg svekka mange stader kor det har vore fletta inn lappar.

### **Lysanlegg:**

Lysanlegget har dei siste åra krevd omfattande vedlikehald. Armatur er i dårleg forfatning, sjølve godset i armatur forvitrar pga varmeutviklinga. Det har såleis vore nødvendig å laga mellombelse fester. Av same grunn har det og vore tilfelle der beskyttelsesgitter under lampane har falle av, med fare for personskade. Det har og vore problem at pærer har vore følsame for både vibrasjonar og temperatursvinging. Resultatet er at pærer varer mykje kortare enn oppgitt levetid, særleg for lampene nærmast dører.

Resultatet er at kommunen 2-3 gonger årleg har måtta gjennomføra kostbare reparasjonar av armatur og utskifting av pærer.

Hallen sitt lysanlegg har to innstillingar, treningslys og såkalla kamplys. På grunn av generelt redusert lys og utfall av mange av armatura, har ein dei siste åra måtta bruka kamplys permanent, noko som medfører auka energiforbruk.

### **Økonomiske forhold:**

Fortlöpande reparasjonar av lysarmatur medfører høge kostnadar. Fotballhallen har stor takhøgde, og arbeidet må skje med innleidt elektrofirma. Det må leggast plater til beskyttelse av grasmatta, slik at dette arbeidet også medfører stenging på dagtid. Dette rammer kroppsøvingstimar, samt at det gir redusert leigeinntekt for kommunen frå den vidaregåande skulen som har leiekontrakt.

Sikkerhetsnett og løpedekke er vurdert som heilt ødelagt, og ikkje rekningsvarande å reparera.

Skøyter, hol mm i sjølve kunstgrasdekket vil la seg reparera. Men dette må forventast å medføra forholdsvis store utlegg år for år, då dekket er av eldre dato.

### **Funksjonelle forhold:**

Lysanlegg gir ikkje tilfredsstillande funksjon. Bruk av treningslys gir ikkje tilstrekkeleg lys i hallen. Store problem med armatur medfører at det nærmast til ein kvar tid er område i hallen som er delvis mørklagde.

Løpedekke er å sjå på som ikkje funksjonell og delvis farleg. Dei mange store hola gir stor fare for overtråkk.

Hoppegrop er å sjå på som ikkje funksjonell pga ødelagt satsplanke, hol i løpedekke i tilløpet og ødelagte dekkeplater på sjølve gropa.

Sikkerhetsnett er å sjå på som ikkje funksjonelt, då nettet har svært mange hol, og i tillegg er så slitt at det ikkje gir tilstrekkeleg demping ved treff av ball. Sikkerhetsnett må seiast å utgjera fare, då skot vil kunna treffa folk på andre sida av nettet med stor kraft.

Kunstgras er framleis spelbart, men dekket er svært redusert pga stor bruk og slitasje. Dekket er også av eldre modell, og heldt ikkje den kvaliteten dagens baner har. Den betringa i funksjonalitet ein kan oppnå gjennom reparasjonar, vert vurdert å vera liten.

**Konklusjon:**

Lysanlegg, løpedekke og sikkerhetsnett er å sjå på som ikkje funksjonelle.

Kunstgraset vert vurdert å framleis vera funksjonelt, men svært slitt og av lågare standard enn moderne baner. Den forbetringa som er mogleg å oppnå gjennom forsøk på reparasjonar, vil ikkje stå i forhold til forventa kostnad.

**Bilde:**



Satsplanke


Skøter på grasmatte går opp i liminga



Hoppegrop dekkeplater



Skader grasmatte



Brente komponentar i armatur



Løpedekke nordre kortside mot hoppegrop



Løpedekke sørvest



Løpedekke søndre  
kortside



Lysanlegg, treningslys.  
Stadig behov for skifting av  
pærer.